



Huset var ferdig i 1950 (Aud Karin Løvfall)

Skomakar Adolf Bjellands hus er rive i disse dagar etter at det vart totalskada av brann på forsommaren. Marie Wang var den siste eigaren. Dermed er eitt av husa i sentrum borte. Det var ikkje så gammalt, men likevel eit tradisjonsrikt hus som det knytte seg mange minne til-



Og dette var skomakaren sin barndomsheim (Aud Karin Løvfall)

Bjelland starta verkstad i Røyrvikhuset på Lund i Dimmelsvik i 1932.

I 1950 flyttar han verkstaden sin til nytt hus på tomta Urheim i Uskedalen.

Eit halvferdig hus er klart for innflytting seint på hausten 1950.

Skomakarverkstaden er moderne utstyrt med tre spesialmaskinar for såling. Alt vert drive elektrisk og saman med kona Klara Marie (født Gausvik) har han og skobutikk.

Ein skomakar kunne sitt handverk. Ja, meir enn det. For oss som veks opp på 1950- og 1960-talet er Adolf Bjelland frisøren vår.

Vi minnest godt når vi sat på krakken inne i verkstaden og vart snauklypte.

Adolf var ein samfunnsengasjert og kunnskapsrik person. Han likte ein god diskusjon om det som rørde seg i tida. Om du hadde interessser, kunne du læra mykje av denne mannen

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto. Ola Matti Mathisen

Medlem av
**NORGES
SKOMAKERMESTER
FORBUND**



GARANTI FOR KUNDEN

A. Bjelland - Uskedalen
SKOMAKERFORRETNING
Postgiro 781 87 — Telefon 25 a

Skopose på Bygdetunet Rød - eit minne om skomakaren